

KRONIKK & DEBATT

Klassekampen honorerer normalt ikke innsendt stoff. Innsendaren si e-postadresse blir trykt med mindre innsendaren reserverer seg mot dette. For Klassekampen sine generelle vilkår for publisering, sjå www.klassekampen.no/KK/index.php/news/home/generelle_vilkaar

DEBATT ►

KRONIKK:

E-post:
kronikk@klassekampen.no
Maks 6000 teikn inkludert mellomrom. Legg ved portrettfoto.

DEBATT:

E-post:
debatt@klassekampen.no
Innlegg over 3000 teikn kan bli korta ned. Legg ved portrettfoto.



Hilde Reinertsen
hilder@klassekampen.no
Kronikk- og debattredaktør.

Tollef Mjaugedal
tollefm@klassekampen.no
Redaksjonssekretær.

Krav i Vesten om billigare mat gir støytet til oppkjøp av matjord i fattige land.

Ein ny kolonialisme?



Frank Egil Holm
og Bjørn Egil Flø
KRONIKK

Då gassisk militære i mars kjeppjaga president Ravalomanana og sette den vasskjemde gutungen Rajoelina i statsleiarstolen på Madagaskar, handla det i botnen om slike som Trygve Hegnar og hans meningsfellar sine grådige krav om stadig billigare mat.

For sjølv om årsakene til statskuppet på Madagaskar er mange og kompliserte var det likevel inngåinga av ei jordleigeavtale me ikkje har sett maken til sidan føydalismen som fekk begeret til å renna over for dei elles så tålsame gassarane. Midt i hjartet av Madagaskars beste jordbruksland har det sørkoreanske gigantselskapet Daewoo Logistics sikra seg ei 99 år lang leigeavtale som skal syte for at den oppveksande sørkoreanar ikkje skal måtte gi opp sitt urbane liv i Seoul og verte tvinga til å finne fram att hakkegrevet og dyrke jorda på si heimlege halvøy.

Stadig dystre framtidssikter for verdas klima og hyppige meldingar om ei matvarekrise som kjem oss nærare for kvar dag, har skaka opp våre politiske leiingar. Dei smiler på gruppebildeta, utanriksministrane når dei samlast – dei vil skape inntrykk av stabile relasjonar og gode intensjonar. Men utanfor fjernsynsskjermen stel dei matjordane frå dei fattige under påskott av å skulle gjere investeringar i tredjeverdas land.

Det skal vist vere til hjelp å investere, vert det sagt, det er mest som ei rein å skjær godhjar-ta handling frå oss det. Men sanninga er snarare at det er den kollektive kunnskapen om at «når krybba er tom bites hes-tene» som driv oss. I krisetider er mat eit tungtvegande forhandlingskort og når støvskyene ikkje vil leggja seg i Midtvesten og når matjordane på Kontinental-Europa har næringsverdiar på linje med eit stykke skumgummi, lyt me



sjå ut over egne landegrensar for å sikre mat nok åt vår velgjødde befolkning.

Aktørar som Libya, Kina, Dei Arabiske Emirata og andre styrtrike oljenasjonar i Persiabukta er alle representantar for eit aggressivt statleg støtta oppkjøp av jordbruksareal med sikte på å sikre eiga matforsyning. I vår del av verda set me vår lit til den frie marknaden, her stiller me oss apatiske i ring å vitnar hundrevis av agribusines-

vestlege borgarar. Berre i Uruguay har det tidlegare New Zealand baserte såfrøelskapet PGG Wrightson omdanna seg til NZ Farming Systems Uruguay og driv no nokre små nette jordlappar på til saman 400.000 mål med intensiv mjølkeproduksjon. Med dei aggressive oppkjøpa vert også jordprisane pressa opp. Gassarar, uruguayanarar og estarar vert alle effektivt fortrent frå sine farsgardar og lyt stille seg i køa av arbeidssøkjjarar som kvar morgon samlast ved porten åt «nybonden».

FOR DYRT? Når ein argumenterer for å leggje norsk matvareproduksjon ut på globalt anbud og satsar på at verdsmarknaden har ein ibuande god vilje, er det i beste fall naivt, skriv kronikkforfattarane.

FOTO: TERJE BENDIKSBY, NTB/SCANPIX

«Det er på tide å minne desse borgarskapets knektar på den hasard dei spelar med våre primærbehov»

selskap sin systematiske plyndring av tredjeverdas småbønder.

Ranet aukar i brutalitet i takt med at svolten kjem nærare innpå dørstokken åt betalingsdyktige

Her heime har me også ein og annan representant for det «nye» landbruket. Nokre initiativrike haugianarar har for lengst

etablert seg både i Aust-Europa og andre stader, men førebels har dei inntekte rolla som sjølvstendige og uavhengige produsentar i EU-landbruket og er slik sett fråkopla sine moderbruk heime i Noreg. Men det er ikkje vanskeleg å tenke seg ei framtid der norske industriselskap innan landbruk- eller energisektoren vil sjå nærare på moglegheitene til å sko seg på rimeleg jord og arbeidskraft. Eit framtidsscenario med «norsk» landbruk i Kviterussland, Ukraina eller Kasakhstan drive av Tine, Yara eller Statkraft med eksklusiv tilgang til den norske marknaden treng ikkje vere så altfor langt fram i tid.

Det nærmar seg jordbruksforhandlingane her heime. Og også denne våren lyt me forvente at Trygve Hegnar, Torbjørn Hansen og Hans Frode Asmyhr vil påpeike at norsk landbruk er dyrt og at det inneber høge prisar for den norske forbrukaren. Dei vil foreslå å bygge ned grensevernet og kvitte seg med uproduktive bønder samstundes som me supplerer matvarebehovet med auka import.

Det er på tide å minne desse borgarskapets knektar på den hasard dei spelar med våre primærbehov. Å kaste vekk annanmanns sparepengar på børsen og tru ein driv verdiskaping er ein ting, men når ein argumenterer for å leggje matvareproduksjonen ut på globalt anbud og satsar på at verdsmarknaden har ein ibuande god vilje, er det i beste fall naivt.

Likt med nyttårskonserteren frå Wien får me kvart år ei påminning om kva som skjer når nasjonalstatar ikkje har ordna seg med stabile forsyningar av essensielle råvarer. Når trykket i gassrørleidningane fell i Ukraina er det einast i diplomatietts møterom ein greier å halde varmen. For når Russland og Ukraina kranglar om naturgassen står EU nervøst på sidelinja som eit makteslaust gissel og ber til Gud om at partane må sanse seg.

So kva no, gamle Noreg? Har me tillit til råda frå Hegnar og kompisane? Hugs, dei har spelt før.

Frank Egil Holm og Bjørn Egil Flø, forskarar ved Norsk senter for Bygdeforskning
frank.egil.holm@bygdeforskning.no